

Ragnhild Jepsen: Preike i Bergen domkyrkje 17.mai 2025
Ein heilag uro

Nåde vere med dykk og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus.
Hjarteleg til lukke med dagen!
Takk for fellesskapet her i domkyrkja.
I glede og takksemd feirar vi vår gudsteneste og vår nasjonaldag.

Denne våren feirar vi også 80-årsjubileet for freden etter 2.verdskrig.
80 år er lang tid, men vi må halde freden fram mellom oss! Vi må ikkje gløyme
kor dyrebar fred er. Dyrebar og dyrekjøpt.

Nokre mellom oss kan hugse mai-dagane for 80 år sidan. For dei fleste av oss er
det etterkvart ei forteljing vi må bli fortald.
Men vi kan likevel prøve å kjenne på noko av den enorme gleda frå
nasjonaldagen i 1945: At ein etter fem år med okkupasjon endeleg kunne feire
17.mai igjen. Det er som om svartkvitt bileta vi har sett frå krigsåra med eitt får
farger. Flagga, menneska, gleda – alt er det fargerikt, jublande.
Etter kvart som gledesrusen legg seg, kjem kvardagen att. Fargane er der
framleis, men no liksom dusare, ettertenksame.

Freden kom med hardt arbeid. Sjølv om mange hadde mista så mykje; familiar
var gått sund og landet måtte byggast opp att, så evna ein likevel å finne fram til
det som band saman. Det som var det viktige og umistelege. Det som hadde
halde oppe gjennom åra med krig og vondskap; overtydinga om at verdier og
rette handlingar til slutt skulle føre fram og gje siger og rettferd.

I dag, som då, må vi stille oss spørsmålet: Korleis vite kva som er rett – når livet
er truga, og det er så sterke krefter som vil vondt?
Hadde eg - hadde vi - visst kva som var det viktige og det riktige, i ei tid der så
mykje stod på spel?
Ville vi vite det i dag, om vi stod overfor dei same trugsmåla og farene som den
gongen landet vårt var i krig?

I ein av bibeltekstane vi les på 17.mai blir Jesus spurt om det er rett å svara skatt
til keisaren. Med eit blikk på mynten med keisarens bilete, svarar han «*Så gjev
då keisaren det som høyrer keisaren til, og Gud det som høyrer Gud til.*»
Å gje Keisaren det som keisarens er – det er som regel *lett*. Og vanlegvis er det
også *rett*. Jesus stadfester det når han svarer farisearane: Slik fungerer
samfunnet. Hjulet går rundt. Vi er takksame for det i vårt samfunn som hjelper
oss til å leve godt med kvarandre- Takksame for politikarar som er valde av
folket. For rettsikkerhet. For ytringsfridom. Og vi må kjempe for at dei i vår
verd som ikkje har desse grunnleggjande rettane, skal få dei. Og særleg akkurat

no – fordi vi ser at desse rettane på nytt er truga for millionar av menneske, også i delar av verda som vi har tenkt nettopp skulle borge for dette.

Men er det *alltid* rett å gje Keisaren det som høyrer Keisaren til?

Finst det situasjonar der det keisaren – makthavaren – hevdar, ikkje rettmessig høyrer keisaren til, men Gud?

Då må også Kyrkja uroe seg.

Vi må skape ein heilag uro – ein uro som held fram at også makta manøvrerer seg i Guds verd og slik sett ikkje kan la vere å forhalde seg til at denne verda har Gud skapt.

Gud har kalla noko *heilagt*. I denne verda har Gud, den heilage, gjeve skaparverket verdi. Det *er* noko som er ukrenkeleg, som er umisteleg, som er uendeleg verdifullt. Ja, så verdifullt at Jesu ord må bli det som gjeld og er rett: *Gje Gud det som høyrer Gud til!*

Vi må innrømme at det ikkje alltid er så lett å vite kva som er Keisarens, og kva som er Guds. Vi kan bli blenda, vi kan bli forleda, kome i tvil om kva vi skal gjere. Likevel – nokre verdier står fast og ligg djupt i vår overtyding.

Og vi har heldigvis døme frå vår historie som stadfestar at menneske er villige til å stå opp mot urett og urettferd.

I dag er det sjølsagt for oss at vi kan samlast og feire gudsteneste her i domkyrkja. Men frå 2.verdskrig har vi sett bilete frå nesten tomme kyrkjerom, pynta med okkupasjonsmakta sine faner og fylt med nazistane sin bodskap. Dei som var prestar fekk ikkje feire gudsteneste i sine eigne kyrkjer, i staden vart dei som var lojale til førar og hird, ja til Keisaren, sett inn som prestar.

Då Kong Haakon VII kom til attende til Noreg i 1945, sa han dette i ein tale i Trondheim:

Vi har fulgt med dere fra den første tid, da det ble forbudt domprosten å holde sin ettermiddagsgudstjeneste, hvorledes menneskene som ikke fikk lov til å komme inn i kirken, sang «Vår Gud han er så fast en borg» utenfor kirken. Det viste at man av hjertet forstod at krigen ikke bare var en brutal krigsmakts krig, men at det også var en religionens krig. Nazistene ønsket å utslette vår tro på at Kristus er Vår Herres sønn, de ønsket at Adolf Hitler skulle innta den plassen. Det var for meget for kirken og skolen. Derfor gjorde det et sterkt inntrykk på hele utlandet den holdning skolen og kirken tok den gang. De nektet å etterkomme det krav som ble stilt til dem. Jeg tror at en av de begivenheter som gjorde det sterkeste inntrykk på folket utenfor landets grenser, det var den motstand kirken og skolen viste. Dermed gikk det også opp for dem at krigen stakk meget dypere enn simpelthen å være en militær krig. Etter hvert kom andre land med og inntok den samme linje, men det skal ikke glemmes at vi nordmenn viste hvor dypt vi allikevel er festet ved vår barnetro.

Å gje Gud det som høyrer Gud til - Kva er det den setninga bringer inn i verda?
Jo, det viser at det alltid er ei meir *grunnleggjande rettesnor*.

Det er ikkje sikkert at den vil stå i motsetnad til å gje keisaren det som keisarens er, å følgje dei reglar og lover som gjeld i samfunnet. I dei fleste tilfelle vil dei to gå godt i lag.

Men i talen frå 1945 løfter Kong Haakon VII *sjølv* fram, han som jo er i keisarens stad, at det er noko som må stå *over* keisar- og kongemakta. Og då Frigjeringsjubileet vart feira 8.mai dette året, sa vår noverande konge, HM Kong Harald, fylgjande då han held tale på minnesmerket på Trandumskogen, ein av dei verste rettarstadene under 2.verdskrig:
Jeg er den tredje norske kongen som har htatt valgspråket Alt for Norge. Det betyr i ytterste konsekvens å ofre alt - også livet – for Norges frihet og selvstendighet.

For i nokre høve – og i nokre situasjonar – kan det vere at det som er Guds er annleis *og* det rette, når det blir tydeleg for oss at kreftene mellom godt og vondt er ein realitet. Det må vere eit kall vi er lydhøre overfor. Ei fordring vi svarer på. Ved å vende seg til Gud, til det gode, viser ein klart at vi vil seie – til tross for all erfaring og det som har vist seg annleis – at det *må* finnast ei kraft i tilveret som vil det gode. Som tilbyd nåde. Som gjev tilgjeving.

Vi lever i ei verd der menneske kvar dag må skilje mellom det som er Guds, og det som høyrer Keisaren til: På Gaza, i andre delar av Midtausten, i Nord Korea, i Ukraina, i områda i Afrika som er råka av etniske konflikhtar og religiøs fanatisme. Og vi veit at det å gje Gud det som høyrer Gud til, kvar dag medfører at menneskeliv går tapt.

Dette viktigaste, det som menneske er villige til å gje livet sitt for, ville ikkje gje meining om alt vi har verkeleg *åleine* høyrer Keisaren til.

Paradokset kjem fram i det siste verset som dei song i ein av salmane under krigen då ein annan makthavar hadde overteke kyrkjene og den frie tanken, og så mykje stod på spel.

Kva er det som så er annleis?

Jo, at når makthavaren har teke absolutt alt, står framleis truskapen til rettferda att. Vi gjev Gud det som høyrer Gud til – vårt liv:

*Og om vårt liv de tar
og røver alt vi har,
la fare hen, la gå!
Mer kan de ikke få.
Guds rike vi beholder.*